Kanonstart på sesongen for skulekorpsa. 25.08.2017

Felleskorpset under samlinga i Uskedalen i september 2015

Dei siste åra har skulekorpsa i Kvinnherad hatt fellesseminar med dyktige instruktørar takka vera god og viktig støtte frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad. Desse samlingane har vore svært viktige og inspirerande for skulekorpsaktiviteten i kommunen, og utbytet har vore stort både musikalsk og sosialt.

Det var Husnes skulekorps som i si tid tok initiativet til dette seminaret og søkte om midlar til det frå SparebankStiftinga. Etter det har Uskedalen og Rosendal fulgt opp tiltaket slik at det årleg har vore samlingar med svært flinke instruktørar. Til no har desse helgeseminara vore i dei respektive heimbygdene til korpsa.

I år vert det gjort ein ny vri. Seminaret vert nemleg kombinert med ein overnatinngs- og helgetur når samlinga er lagt til Kinsarvik. Der skal musikarar, leiarar, foreldre og søsken bu på hytter og leiligheter. I tillegg til mykje øving vert det sjølvsagt også tid til sosiale aktivitetar. Reisa føregår med buss og privatbilar.

Det er Husnes skulekorps som er hovudansvarleg for seminaret, og dei har engasjert svært kvalifiserte instruktørar. Berre ein av dei er lokale. Det er Mauricio Weimar som er lærar i kulturskulen. Elles er det instruktørar frå det sterke brassmiljøet i Stavanger krydra med m.a. Preben Johansen og Aidan Smith frå Manger-miljøet. Positivt er det også at det har sett opp ekstra instruktør for dei yngste som nettopp er komne inn i korpset. Det er 4 musikarar som starta i Uskedal skulemusikk denne hausten. Det er Anja Måkestad Smith, Linnea Rippel, Linnea Enes og Torger Johan Koløy. Det er også kjekt å registrera at nokon som har hatt pause, har kome tilbake i korpset sine rekkjer i løpet av det siste året.

For interesserte tar vi med heile den solide instruktørlista.
Preben Johansen og Petro Romanishyn - kornett
Clive Zwaniwiniski - grovmessing
Marco Totolici - trombone
Mauricio Weimar - slagverk
Aidan Smith - dei yngste.

Samlinga vert avslutta med konsert søndag kl.15.

Det er eit flott opplegg arrangørane legg opp til. Dei tre korpsa er svært glade for støtta dei har fått frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad. Utan den støtta hadde dette vore heilt umogeleg å få til.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland